


# Nyheitsbrev april 2021 lag og organisasjonar

Rådgivar for folkehelse og frivilligheit sender kvar månad ut eit nyheitsbrev til alle lag og organisasjonar som har registrert kontaktperson i Bømlo. Ynskjer ditt lag og organisasjon å motta nyheitsbrev, kan de sende kontaktinformasjon til [lene.borgen.waage@bomlo.kommune.no](mailto:lene.borgen.waage@bomlo.kommune.no).

## Her er nyheitsbrev for april 2021:

Kjære alle lag og organisasjonar,



Denne veka titta den første tulipanen fram i hagen og me har gledd oss over varme vårdagar. Me treng det no etter ein lang vinter med ymse restriksjonar og avgrensingar i det viktige arbeidet de gjer som frivillige i lag og organisasjonar. Så må me håpe på at me også får lov å byrje med fleire aktivitetar utover vår og sommar!

Her kjem nyheitsbrev for april:

- 27. april 18-20 blir det **digitalt søknadskurs for lag og organisasjonar med Tilskuddsportalen**. Her er påmeldingslenke, me er veldig takksame om de melder dykk på, så kurshaldar får ein oversikt over kven som vil delta! [Påmelding kurs i Tilskuddsportalen](#)
- I mars hadde me digitale **dialogmøte med lag og organisasjonar og med grendautvala**. Fyrst av alt vil eg si tusen takk for at så mange deltok på møta! Me fekk mange nyttige innspel med oss på vegen vidare både om fritidskortet, aktivitets- og driftsmidlar og frivilligheitas år 2022– [oppsummering og presentasjonar ligg vedlagt og er også lagt ut på kommunen sine nettsider](#). Temaa vil me også komma tilbake til framover.
- **Strandryddedagen** blir i år i juni – me fastsett kva helg som passar best saman med grendautvala og kjem tilbake med informasjon i nyheitsbrevet i mai.
- Søknadsfristar:
  - o [Bremnes seashore – søknadsfrist 1.mai](#)
  - o [Equinor – søknadsfrist 30.april](#)
  - o [I dag 20. april er det frist for å søkja om tilskot for dei som har motteke moms kompensasjon – beklagar at de ikkje har fått informasjon om dette før, men eg har ikkje fått tilsendt informasjon om ordninga. Lotteri og stiftelsestilsynet opplyser også på sine nettsider at dei arbeider med tilskotsordning i samband med arrangement eller aktivitetar og vil opne for søknadar i juni 2021.](#)
  - o [Solofondet – søknadsfrist 15.mai \(for unge mellom 15-25 for å gjennomføra idear, aktivitetar og prestasjonar\)](#)
  - o [Arrangementsstøtte Norges sjømatråd – søknadsfrist 15. mai](#)
- Høyringar/kunngjeringar <https://www.bomlo.kommune.no/aktuelt/kunngjeringar/>
  - Frist for innspel til kommuneplanens arealdel (frist 30.5)
  - Søknad om dekking av kostnader til gjerdemateriell langs kommunale vegar 2021 (frist: 01.05)

Ta gjerne kontakt om de har spørsmål eller innspel!

Vårhelsing frå Lene Borgen Waage